

Fra: Knut Henanger <knut@hirbygg.no>
Sendt: søndag 29. oktober 2023 20:28
Til: Lene Helgesen
Emne: SV: Byggesak: 23/6343 på Ryland.
Vedlegg: Melding om vedtak i kommunestyret - Klage på vedteken detaljreguleringsplan med alternativ A2 + B3 for fv. 564 Fløksand - Vikebø (1).pdf

Hei ,

Eg finn ikkje planen for Fløksand-Vikebø når eg søker i Arealplaner.no . Har du mulighet til å sende med plankart og føresegner?

Vedlagt ligg vedtak ifrå kommunestyret vedr. avkjørsel for gnr. 343 bnr. 3,52/54 og 56 . Eg har ikkje mulighet til å sjekke dette sidan eg ikkje får opp kart og føresegner.

Med vennleg helsing

HIR BYGG AS

Knut Henanger
Mjåtveitsø 33 A, 5918 Frekhaug
E-post: knut@hirbygg.no
Mobnr. : 93081905



Fra: Lene Helgesen <lene.helgesen@alver.kommune.no>
Sendt: mandag 23. oktober 2023 16.16
Til: Knut Henanger <knut@hirbygg.no>
Kopi: Are Frøysland Grande <are.froysland.grande@alver.kommune.no>
Emne: Byggesak: 23/6343 på Ryland.

Hei.

Kommunen har mottatt uttale frå Vestland Fylkeskommune (eg legg ved uttalen i e-post). Fylkeskommunen gjer oppmerksom på at tiltaket kan krevja dispensasjon frå den nyleg vedtekne planen for Fløksand – Vikebø plan ID: 4331_125620160010.

Etter drøfting internt har byggesaksavdelinga komme fram til at tiltaket er i strid med reguleringsplanen og vil krevja dispensasjon frå denne. Kommunen vil derfor informera om at saken er ikkje komplett før han supplerast med søknad om dispensasjon frå reguleringsplanen Vikebø – Fløksand. Eventuelt må tiltaket justerast slik at det samsvarer med regulert avkøyrsl. Frist for å gje tilbakemelding på kva ein ønskjer å gjera vidare er 08.11.2023.

Kommunen vil og nytta høve til å gjera ansvarleg søkar oppmerksom på at dette er ein nyleg vedtatt plan, og byggesaksavdelinga stiller seg derfor negativ til å innvilga dispensasjon frå denne.

Vennleg helsing

Lene Helgesen | Rådgjevar byggesak

Telefon: +47 45 37 58 59

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no

